



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

Dato : 26.02.2009  
Vår ref. : 2009/94 - 1749/2009  
Dykkar ref.: : 200806678  
Dykkar dato: : 15.01.2009

---

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

## HØYRING - FORSLAG OM ENDRINGAR I UNIVERSITETS- OG HØGSKOLELOVA

Syner til dykkar brev av 15.01.09 vedkomande endringar i universitets- og høgskulelova.

### Kapittel 1

Her er det tatt inn ei formulering når det gjeld norsk språk. Det støttar me. Me går ut frå at dette skal inn som eit nytt ledd (3) i §1-5. Det fell ikkje utan vidare naturleg å føra dette inn under denne paragrafen. Men det er heller ikkje andre paragrafar som meir naturleg kan nyttast, då er vel dette ei grei nok løysing.

### Kapittel 2

Her er det gjort endringar på basis av evalueringa av NOKUT. Forutan denne evalueringa har me ein del kommentarar til NOKUT sitt arbeid. Me ser at organet har vore gjennom ein oppstartsfase og det kan vera naturleg å gjera endringar i det vidare. HSH har hatt erfaring med NOKUT i fire program-akkreditering/evalueringar og kvalitetssystemgodkjenning.

Vår erfaring er at NOKUT har vore svært kontrollorientert. Det har vore vanskeleg å føra ein dialog med dette organet. Dei ulike komiteane har hatt til dels svært ulikt fokus, det har vore stor mangel på samordning. Komiteane har til dels sett seg lite inn i institusjonen eller dei områda som skulle vurderast. Dette er skuffande, ikkje minst sett i lys av det betydelege arbeidet som vert lagt ned i institusjonen i samband med tilsynet. Me kan ikkje sjå at denne kritikken skuldast rammevilkåra til NOKUT i form av lov og forskrift. Endringar i organet sitt arbeid må kunna gjerast også innafor dagens reglar. Men det er i og for seg greitt at paragrafane i UH-lova vert mindre detaljerte.

Av høyringsutkastet kan det sjå ut som departementet vil gje NOKUT større fridom. Dette er me skeptiske til. Me er redde for at dette tilsynsorganet med det vil gjera meir av det dei kan best, nemleg å kontrollera. Det har nok magasinert seg opp stor kunnskap i NOKUT kring kvalitetssikring. Men det har etter vårt syn samla sett magasinert seg opp større kunnskap om dette i sektoren og i institusjonane. NOKUT må såleis syna større vilje/evne til også å ta omsyn til denne kunnskapen enn det som har kome til uttrykk tidlegare. Me ventar at NOKUT kan ta ei meir overordna og samordnande rolle i dialog med sektoren. Såleis meiner me at noverande § 2-1 (4) ledd, ny §2-1 (7) ledd burde gå vidare enn berre å leggja evalueringane og vedtaka ut på nettet.

---

**Postadresse:**  
Postboks 5000, 5409 STORD  
**Besøksadresser:**  
Klingenbergveien, Stord  
Bjørnsonsgt. 45, Haugesund

**Telefon:**  
+47 53 49 13 00  
**Telefaks:**  
+47 53 49 14 01

**E-post:**  
postmottak@hsh.no  
**Internett:**  
www.hsh.no

**Saksbehandler:**  
Kirsten Bakken  
**Direktetlf.:**  
53 49 14 67

Me les vidare av høyringsutkastet at departementet kan vurdere å gje NOKUT meir ”direktoratliknande” oppgåver i framtida. Våre kommentarar ovafor skulle tyda på at me er skeptiske til ei slik utvikling. Etter vårt syn har ikkje NOKUT den legitimiteten i sektoren som dei burde hatt. Dei har rett nok ein autoritet i kraft av dei sanksjonane dei kan iverksetja. Som sagt, dette skuldast etter vårt syn ikkje rammevilkåra deira i UH-lova. Å utvida desse rammene utan å ta andre åtgjerder ovafor dette tilsynsorganet vil ikkje vera rett medisin.

Når det gjeld dei endringane som konkret er føreslått i § 2-1 i UH-lova ser me desse som uproblematiske. Våre merknader er fyrst og framst retta til dei formuleringane som me finn i departementet sitt høyringsutkast.

## **Kapittel 9**

I tida framover kan det skje endringar i institusjonsstrukturen. Me finn det rimeleg at eigaren (departementet) vil sikra seg rett til å gjera dei endringar/grep som kan synast naudsynte i slike høve. Men me meiner at departementet bør både kunna lengja og avkorta ein styreperiode utan å gå til det meir dramatiske skritt å avsetja eit styre, jmf. § 9-8.

Høyringsutkastet sitt framlegg til § 9-4 er uklårt for oss. Er det tale om eit nytt ledd (5) med tilsvarande forskyving av ledda frå noverande (5) og nedover. Skal nytt ledd (5) erstatta noverande ledd (5). Eller skal det nye (5) inn som siste setning i noverande ledd (5).

## **Kapittel 10**

Me synest at presiseringa i § 10-4 er ei grei opprydding. Den er etter vårt syn logisk, og burde vore rydda av vegen i Stortinget den dagen lova vart vedteken.

HSH har ingen kommentarar til dei andre endringsframlegga.

Med venleg helsing

Rune Jørgensen  
høgskoledirektør